



Martin McDonagh

# LØYTNANTEN FRÅ INISHMORE



Nasjonalbiblioteket  
Depotbiblioteket







# LØYTNANTEN FRÅ INISHMORE

**av Martin McDonagh**

Omsetjing: Ragnar Olsen  
Språkleg omarbeiding: Unn Røyneland

Regi: Lasse Kolsrud  
Scenografi/Kostyme: Bård Lie Thorbjørnson  
Lysdesign: Terje Wolmer  
Maske- og parykkdesign: Nina Bloch  
Spesialeffektdesign og -koreografi: Waldo Warshaw


*The Lieutenant of Inishmore* (originaltittel)  
blei første gong sett opp av The Royal Shakespeare Company  
på The Other Place, Stratford-upon-Avon den 18. april 2001.

Forlag: NORDISKA ApS. - København

**Donny Per Schaanning**  
**Davey Frank Kjosås**  
**Padraic Torbjørn Eriksen**  
**Mairead Anna Katharina Haukeland**  
**James Espen Løvås**  
**Christy Hallvard Holmen**  
**Brendan Stian Isaksen**  
**Joey Bjørnar Teigen**

Inspisient: Brita Gaarder  
Lyd: Igor Zamarajev  
Lysmeistrar: Pelle Dengsø/Ole Randers  
Rekvisitørar: Helge Fykse/Inger Henriette Paulsen  
Rekvisittmakar: Ole Jacob Børretzen  
Sufflør: Torill Steinlein  
Scenekoordinatorar: Birger Kingsrød/Karl Otto Tangen  
Kostymekoordinator: Anette Hellenes

**Noregspremiere 11. september 2008 på Scene 2**



# KATTEN, TORTUR OG MORD:

## Vald og meining i Martin McDonaghs *Løytnanten frå Inishmore*

Ruben Moi, Universitetet i Tromsø

post. dok. ved Institutt for kultur og litteratur

*Han Padraic kan drepe dej berre for at du svetta i nærheita ta han.* «Gale-Padraic» i *Løytnanten frå Inishmore* er opplagt ingen trygg mann, og stykket når utrulege høgder i blod, tortur, mord og avskyelegheit. Så kvifor er dette dramaet like fascinerande som det er fråstøytande?

Martin McDonagh, dramatikaranes svar på Quentin Tarantino og Mikael Haneke, har skrivne eit stykke som treffer som ei kule i ryggrad. Det gjer vondt, ein kan bli lamma, og ein reagerer på ukontrollert vis. Stykka til McDonagh går også som ei kule på teaterscenar over heile verda; kanskje er han like mykje spela som vår eigen Jon Fosse. Men han er langt meir kontroversiell. Medan publikum jublar av entusiasme eller vrir seg i vemming, diskuterer dei lærde heftig om Martin McDonagh er ein seriøs dramatkar eller ein utspekulert scenesjarlatan. Somme meiner han treffer vår postmoderne tidsånd, andre hevder han spekulerer i irske stereotypiar og vald.


McDonagh har irske foreldre, er fødd og oppvaksen i London, men i feriane var han i Galway i Irland. *Løytnanten frå Inishmore* (*The Lieutenant of Inishmore*) frå 2001 er kanskje McDonaghs mest kontroversielle skodespel. Det er minst to hovudgrunnar til det. For det første rører stykket ved fleire brennbare politiske tema. For det andre er det ultravaldeleg.

Etter seks kassasuksessar i Irland og resten av verda med m.a. *The Beauty Queen of Leenane* og *The Pillowman*, vart *Løytnanten frå Inishmore* ikkje oppført i Irland. Frå eit irsk synspunkt er stykket svært problematisk. Pdraic – den irske parallellen til Ola Nordmann – er medlem av Irish National Liberation Army (INLA), ein frigjeringshær som er mindre kjend enn den illgjetne Irish Republican Army (IRA). Denne scenefiguren er kontroversiell fordi han framstiller medlemmer av paramilitære organisasjonar som mordlystne galningar. INLA og IRA hadde opplagt enkelte psykopatiske medlemmer, men stort sett vart rørselene drivne etter militær orden og disiplin, om ikkje i samsvar med engelsk lov. Jamvel om få godkjenner metodane til INLA og IRA, hadde/har målsetjinga deira om frigjøring frå engelsk herredømme stor sympati i Irland, blant minoritetsbefolkninga i Nord-Irland og blant irske emigrantar i store delar av verda. Stykket kan også vere med og halde oppe det tradisjonelle biletet av irar som valdelege, utan å gå inn på dei historiske og sosiale årsakene til irsk motstandskamp. I tillegg er fokuset endå ein gong retta einsidig mot dei nasjonalistiske, republikanske paramilitære organisasjonane – terroristar eller frigjeringsheltar, alt etter kven du spør – medan dei tilsvarande britiskorienterte loyalistane, Ulster Freedom Fighters (UFF) og Ulster Defence Association (UDA), slepp unna inspeksjon. I dette perspektivet presenterer stykket eit negativt, unyansert og avgrensa syn på den republikanske tradisjonen som har hatt mykje å seie for irsk frigjøring og identitet, om han er aldri så omstridd. Likeeins var stykket langt på veg forelda allereie då det nådde scenen i 2001. Paramilitære organisasjonar hadde då i fleire år vore viktige pådrivarar for fredsavtalen i Nord-Irland i 1998.

---

Stykket er supervaldeleg: Blodet sprutar, knoklane knasar, lika blir skamferte. Vald er eit seriøst tema fordi det utfordrar opp-







fatninga vår av humanisme og moral, det plasserer seg også i skjeringsfeltet mellom ideologi og menneskeleg empati. Kva er verdt å leve for? Er somme idear og verdiar verdt å døy for? Torturere og drepe for? I ein irsk og nord-irsk kontekst står desse eksistensielle og misantropiske spørsmåla i framgrunnen i McDonaghs valdsorgie. Likevel utgjer valden i dette stykket, paradoksalt nok, ein viktig del av underhaldninga, og ein lurar på kor grensene går for kva som er underhaldning og kva som er vald, og kvifor gjer dei det? Kven set desse grensene? Torturen, blodspruten og avrettingane i dette stykket er så overdrivne, bisarre og parodiske, at det er vanskeleg å sjå korleis dei kan framførast med alvor. Det er ikkje dermed sagt at dei ikkje er alvorlege.

---

Teater er sjølvsgatt framsyning, og ikkje ein direkte representasjon av røyndommen. Dialogen i dette dramaet avslører absurditeten i all slags fundamentalistisk valdsretorikk – republikansk, loyalistisk, muslimsk, rasistisk – ved å bruke kattar som målgruppe, i staden for menneske. Stykket kan også tolkast som ei burlesk iscenesetjing av det typiske engelske fiendebiletet av Irland, ein parodi på den totale demoniseringa av irar, eller i ein større samanheng, umenneskeleggjering av fiendar, politiske motstandarar og «dei andre» som ofte blir masseprodusert av militær etterretning og media i alle konflikter. I det teatraliske sjølvmedvitet i stykket ligg også ein kime til kritikk av eigen tradisjon. *Løytnanten frå Inishmore* er eit hemndrive stykke basert på mord og gjengjelding. Likevel blir tilskodarane råka av latter like mykje som dei blir lamma av forskrekking. Slik sett stiller dette stykket heile hemntradisjonen, både på og utanfor scenen, i Irland, Italia, USA og Irak, i Shakespeares *Hamlet* så vel som i Coppolas *Gudfaren*, i eit direkte latterleg perspektiv. Innanfor teaterverda i dag er det nærliggjande å sjå stykket som den ultimate endestasjonen, ein metakritisk eksplosjon av


In-Yer-Face-Theatre, bølga av ekstremt kroppsfiksert og valdeleg drama som dominerte 1990-åra, spesielt i London, og som i Noreg er mest kjent frå Sarah Kanes *Blasted*, *Cleansed* og *4.48 Psychosis*. Her må ein kanskje leggje til at den implisitte kritikken i stykket av hemntradisjonar og stereotypiar står i stor fare for å forsterke dei valdskonvensjonane stykket prøver å underminere. Til sist testar stykket reaksjonane i publikum på ekstrem vald i teateret. Reagerer vi annleis på sterke valdsscener her enn på kino og på TV? Kvifor det? Stiller stykket dermed spørjeteikn ved kvifor vi er så apatiske til vald i media?




*Løytnanten frå Inishmore* treffer midt i trynet og riv i lattermusklane. Groteske element piskar synsnerven, og kommentarane smell i øyra. Teatret tilbyr eit rom i røyndommen der vi kan framstille og reagere både uhemma og ukontrollert på det grufulle i valden. At vald er grufullt og tragisk, er ikkje nytt. At vald kan vere tiltrekkjande og underhaldande, er skremmande. I dagens samfunn er det kanskje utforskinga av dei siste elementa som kan gi oss ei betre forståing av det psykopatiske i valden. Kanskje kan McDonaghs *Løytnanten frå Inishmore*, og dei nye prisvinnande filmene hans, *Six Shooter* (2006) og *In Bruges* (2008), vere med på å få oss til å forstå betre valdens vesen, og kanskje kan dei fungere som kritikk av alle dei mange verkelege og kunstnariske manifestasjonane av vald? I kveld har du sjansen til å reagere sjølv.


**Foto: John Hughes**

Bilda er tatt i prøvetida

Programredaksjon: Lasse Kolsrud, Bård Lie Thorbjømsen, Margunn Vikingstad, Ida Michaelsen. Grafisk formgjeving: Knut-Jarle Hvitmyhr.  
Trykk: Merkur-Trykk AS









Depotbiblioteket

Løytnanten frå Inishmore



09sd00772

det norske teatret

[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

Hovudsponsor



Statkraft